

# FORFATTERMØTE

## HOLVIK OG KOLLBOTN



**Ingvild Holvik og Kjersti Kollbotn samtaler om sine nyeste bøker *Premien for alt* og *Jord*.**

***Velkommen til***

**Balsfjord bibliotek på Storsteinnes**

**Onsdag 18. oktober 2017 kl. 18.00**

## **Ingvild Holvik: Premien for alt, Samlaget (2017)**

Eg-forteljaren er 79 år gamle Mali Fredrikke Sjursen. Ho får tilbod om avlastningsplass på sjukeheimen for å kome til hektene etter eit lårbeinsbrot. På sjukeheimen har Mali god tid til å tenkje attende på livet sitt, på forholdet til mor si som ho trur ikkje var glad i ho. Mora kom aldri over sorga over dottera som døydde då ho var to. Mali er sjølv mor. Ho har ein son, men forholdet deira er ikkje det aller beste. Mali brenn inne med mange tankar som lesaren får innsyn i, tankar ho i liten grad deler med andre. Ho skyv og mykje frå seg. Boka tek opp noe som gjeld alle. Alt ein tenkjer og trur som formar ein til det ein er, men kan hende kunne vore annleis dersom ein hadde delt tankar med andre og latt dei sleppe til med sine synspunkt og erfaringar.

## **Kjersti Kollbotn: Jord, Cappelen Damm (2017)**

Odelsguten Halvor får tidleg ansvar for garden fordi bestefaren og faren døyr før Halvor er 18 år. Han må ha verje fram til han er 25 år og myndig. Andre enn Halvor avgjer kven han må gifte seg med. Det blir med Regine som er mykje eldre. Som Halvor har heller ikkje Regine sjølv valt kven ho skal gifte seg med. På denne tida er det ikkje kjærleiken som rår. Halvor og Regine får fleire barn. Den eldste sonen Skjalg blir beden om å komme heim for å drive garden. Sjølv om han hadde valt eit anna arbeid, er han bunden til jorda og garden. Han kjem heim for å byggje opp att det faren har klart å øydeleggje. Stilen er knapp, med korte meiningsberande setningar og rett på det som hender.

Foto og omtale: Aud Tåga, Troms fylkesbibliotek

